Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

23. november 2017

DGH2002
Design og produktutvikling

**Programområde:** Design og gullsmedhåndverk

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | I vurderinga vert det lagt vekt på følgjande kompetansemål frå læreplanen i faget:<br><br>• *Lage og bruke arbeidstegninger og annen visuell informasjon i produktutvikling og praktisk arbeid.*<br><br>• *Dokumentere og vurdere eget arbeid med produktutvikling.*<br><br>• *Forklare prinsipper for gullsmedfaglig produktutvikling og produksjonsplanlegging.*<br><br>• *Velge, konkretisere og begrunne design og arbeidsprosess i eget arbeid.*<br><br>• *Beregne pris på materialer, egne produkter og tjenester.*<br><br>• *Bruke relevante faguttrykk i kommunikasjon med andre.* |

**Både del 1 og del 2 av oppgåva har samanheng med oppgåveteksten.**
**Les alle delane nøye, før du begynner på oppgåvesvaret ditt.**

## Oppgåvetekst:

Nils Andre kjem inn i butikken din og vil bestille eit smykke i sølv til seg sjølv. Han er ein mann på nesten 30 år, med kort raudt skjegg og nyklipt kort hår. Han har ei enkel nase-piercing og går pent kledd i skjorte, jakke og slips.

Nils Andre ønsker seg ei kragenål, og den skal vere inspirert av yrkesbakgunnen til foreldra hans. Mor er slakter og far er konditor.

### Del 1 :

a) Nils Andre vil gjerne ha ulike forslag å velje mellom. Lag minst tre ulike kundeskisser, der du legg fram ulike alternativ til han.

b) Vel ei av kundeskissene du har utarbeida for Nils Andre, og lag ein tydeleg dokumentasjon av ein designprosess som viser korleis du har  kome fram til dette produktet.

### Del 2:

Nils Andre ønsker å gå videre i prosessen, og vil at du skal utarbeide ei priskalkyle på den kundeskissa du har valt ut for han.

a) Lag ei detaljert arbeidsteikning med mål av produktet.

b) Lag ein arbeidsplan.

c) Vis utrekninga av prisen på produktet, med alle dei variablane som som er med på å påverke prisen.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | Følgende kompetansemål frå læreplanen i faget blir vektlagt i vurderingen:<br><br>• *Lage og bruke arbeidstegninger og annen visuell informasjon i produktutvikling og praktisk arbeid.*<br><br>• *Dokumentere og vurdere eget arbeid med produktutvikling.*<br><br>• *Forklare prinsipper for gullsmedfaglig produktutvikling og produksjonsplanlegging.*<br><br>• *Velge, konkretisere og begrunne design og arbeidsprosess i eget arbeid.*<br><br>• *Beregne pris på materialer, egne produkter og tjenester.*<br><br>• *Bruke relevante faguttrykk i kommunikasjon med andre.* |

**Både del 1 og del 2 av oppgaven har sammenheng med oppgaveteksten.**
**Les alle delene nøye, før du begynner på oppgavesvaret ditt.**

## Oppgavetekst:

Nils Andre kommer inn i butikken din og vil bestille et smykke i sølv til seg selv. Han er en mann på nesten 30 år, med kort rødt skjegg og nyklippet kort hår. Han har en enkel nese-piercing og går pent kledd i skjorte, jakke og slips.

Nils Andre ønsker seg en kragenål, og den skal være inspirert av yrkesbakgrunnen til foreldrene hans. Mor er slakter og far er konditor.

## Del 1 :

a) Nils Andre vil gjerne ha ulike forslag å velge mellom. Lag minst tre ulike kundeskisser, der du legger frem ulike alternativ til han.

b) Velg ei av kundeskissene du har utarbeidet for Nils Andre, og lag en tydelig dokumentasjon av en designprosess som viser hvordan du har kommet frem til dette produktet.

## Del 2:

Nils Andre ønsker å gå videre i prosessen, og vil at du skal utarbeide en priskalkyle på den kundeskissa du har valgt for han.

c) Lag en detaljert arbeidstegning med mål av produktet.

d) Lag en arbeidsplan.

e) Vis utregningen av prisen på produktet, med alle variablene som er med på å påvirke prisen.

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap